



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde


Årsrapport 2015

Målsetting med nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå i helsetenesta.

Nettverksarbeidet har vore forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) sidan 2005. Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket som er i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskolen Stord-Haugesund (HSH) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysio- og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet.

Organiseringa av nettverket vert nå slik:



Nettverket er inndelt i seks lokalgrupper

?	Odda sjukehus Jondal Odda Ullensvang Odda Ullensvang	Nettverk Indre Haugalandet Haugesund sjukehus Etne Sauda Suldal Vindafjord	Nettverk Sunnhordaland Stord sjukehus Bømlo Fitjar Kvinnherad Stord Tysnes	Nettverk Ytre Haugalandet Midt Haugesund sjukehus Bokn Sveio Tysvær Utsira	Nettverk Ytre Haugalandet Nord Haugesund sjukehus Avaldsnes Torvastad Norheim Udland Haraldsvang	Nettverk Ytre Haugalandet Sør Haugesund sjukehus Kopervik Veå Åkrehamn Skudenes Vardafjell Bjergene

Nettverket har framleis ei styringsgruppe med ein representant frå kvar av partane Helse Fonna, kommunane, HSH, KLB, FOUSAM og Kreftforeningen. Ei driftsgruppe har ansvar for den daglege drifta av nettverket, og leiaren er representert i styringsgruppa.

I Helse Fonna-nettverket er det til saman 128 ressurspersonar fordelt på 96 sjukepleiarar og 32 ergo- og fysioterapeutar fordelt på dei seks nettverksgruppene. Fysio- og ergoterapeutar er og ein del av nettverket, med ei eiga driftsgruppe.

Sjukepleiarnettverket

Alle ressursjukepleiarar som har deltatt i nettverket i 2015, har fått oppdatert kompetanse i fleire tema innan palliasjon gjennom fagleg undervisning på nettverksmøte og årleg fagdag (tidlegare fellessamling). Ressursjukepleiarane har blitt minna om å vidareformidle fagleg undervisning på sin arbeidsplass og ha møte med sin leiar. Det er informert om hospiteringsordninga i Helse Fonna, samt bruken av Individuell Plan innan palliasjon og ESAS. Tverrfagleg samhandling har vore i fokus, og andre faggrupper har vore invitert inn på nettverksmøta.

Klinisk arbeid for ressursjukepleiarane

Resultat av årleg rapportering vert gjennomført januar 2016 og resultatet vil bli presentert her.

Arbeid i nettverksgruppene

Det har vore arrangert i alt 12 nettverksmøte i 2015. Alle nettverksgruppene har hatt eit nettverksmøte om våren og eit om hausten. Nettverksmøta er på 6 timar. Det har på nettverksmøta i 2015 vore informasjon om hospiteringsordninga mellom Helse Fonna og kommunane, anbefalt møte mellom ressursperson og leiar. Ressurspersonane er blitt påminna ansvaret for å vidareformidla den faglege undervisninga på sin arbeidsplass.

På kvart nettverksmøte har den lokale ressurspersonen hatt ansvar for å ynskja velkommen og å skriva referat. På førehand har dei tatt imot påmelding, skaffa lokale, sørgja for lunsj og forberedt presentasjon av eit case. Det går på omgang mellom kommunane å arrangera nettverksmøta.

Tida fram til lunsj har vore satt av til refleksjon ressurspersonane imellom, der dei alle deler utfordringar og positive ting frå rolla som ressursperson i sin kommune eller avdeling. Etter lunsj har det vore satt av tid til fagleg undervisning. Her har det også vore mogeleg for andre enn ressurspersonar å delta. På slutten av dagen har ein fast på programmet presentasjon av eit case som utgangspunkt for felles refleksjon.

Lokal fastlege eller tilsynslege har blitt invitert til å fortelja frå sitt arbeid og dela erfaringar innan kreftbehandling og palliasjon. Dette har vore ein positiv erfaring i fleire kommunar og på sjukehus.

Tema for nettverksmøta i 2015

Alle nettverka har fått same undervisning, fordelt på vår og haust. Undervisninga har vore gjennomført på denne måten:

Tema 1: Smerte og smertebehandling hos den palliative pasient ved Anne Lise Johannessen, kreftsjukepleiar/smertesjukepleiar ved palliativt team ved Haugesund sjukehus

Tema 2: Symptomlindring ved fordøyelsesplager
Undervisning ved ein kreftsjukepleiar i kvart nettverk:
Hardanger nettverket: Hege Lyssand, Odda sjukehus
Sunnhordlandsnettverket: Wanda E. Medhus
Nettverk Indre Haugaland: Svanhild Skaalheim
Nettverk Ytre Haugaland Midt: Hildegunn B. Haaland

Nettverk Ytre haugaland Nord: Laila Johannesen KLB

Oppmøte 2015

Nettverk Indre Haugalandet:	vår: 9 av 14 ressursjukepleiarar og 2 ergo-/fysioterapeutar haust: 11 av 14 ressursjukepleiarar og 1 ergo-/fysioterapeut
Nettverk Hardanger:	vår: 10 av 12 ressursjukepleiarar og 1 ergo-/fysioterapeut haust: 9 av 12 ressursjukepleiarar og 0 ergo-/fysioterapeutar
Nettverk Sunnhordland:	vår: 15 av 25 ressursjukepleiarar og 2 ergo-/fysioterapeutar haust: 23 av 25 ressursjukepleiarar og 0 ergo-/fysioterapeutar
Nettverk Ytre Haugaland Nord:	vår: 9 av 14 ressursjukepleiarar haust: 13 av 14 ressursjukepleiarar og 1 ergo- / fysioterapeut
Nettverk Ytre Haugaland Midt:	vår: 9 av 12 ressursjukepleiarar haust: 12 av 12 ressursjukepleiarar
Nettverk Ytre Haugaland Sør:	vår: 12 av 19 ressursjukepleiarar haust: 10 av 19 ressursjukepleiarar

Det er viktig å oppretthalda kontinuitet i nettverket, og difor har ein starta opp med å registrera også dei ressurspersonane som ikkje kjem på nettverksmøta. Dersom ein ressursperson gjentatte gonger ikkje møter på nettverksmøta, vil medlemmer i driftsgruppa ta dette opp med den det gjeld, og finna årsaka til fråværet. Dersom grunnen er liten interesse eller at personen av andre grunnar ikkje ynskjer å delta, kan leiar bli spurt om å finne ein ny ressursperson.

Driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt 4 møte i 2015:

- 20. januar på Stord sjukehus
- 26. mai i KOR sine lokaler i Haugesund
- 8. september på Haugesund sjukehus
- 24. november på Fitjar

Det har vore engasjerte medlemmer i driftsgruppa og mange saker har vore diskutert.

Representantar i driftsgruppa

Det har vore ein del endringar i medlemmer i driftsgruppa i 2015.

Driftsgruppa hausten 2015 er:

Grete Skeie Sørhus, Vindafjord kommune og KLB, leiar

Laila Johannesen, Palliativt team, Helse Fonna og KLB

Cathrine Aasheim, Fitjar kommune

Berit Røksund, Stord sjukehus

Mette Stadheim, Odda kommune

Tone Sellevold, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet

May Kristin Valen, HSH

Målfrid Eide, KOR

Ny: Tove Asbjørnsen, Haugesund kommune (i staden for Annbjørg Tjøsvold)

Ny: Signe Vestvik, Haugesund sjukehus (i staden for Mona Didriksen/ Synnøve Gårder)

Ny: Evelyn Borgny Ramberg, Odda sjukehus (i staden for Åse Olsson)

Styringsgruppa

Styringsgruppa for nettverket har i 2015 bestått av Dagny Faksvåg Haugen, KLB (leiar), Berit Haaland/Sølvi Torvestad, Helse Fonna, Bjarne Braatveit, kommunerepresentant, Sølvi Eide Lunde, HSH, Geir Vangsnes, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Grete Skeie Sørhus, leiar av driftsgruppa.

Styringsgruppa har hatt to møte i 2015.

Introduksjonskurs

Det vart arrangert introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar 8. desember 2015. Laila Johannesen og Kristin Valen frå driftsgruppa for sjukepleienettverket og Astrid Eritsland frå fysio- og ergoterapinettverket hadde ansvar for planlegging og gjennomføring av kurset.

Målsetting for kurset var å gi kunnskap om organisering av nettverket og palliativ verksemd i regionen, samt å drøfta forventningar til og bevissthet om rolla som ressursperson.

«Hvem er den palliative pasient? Hvilke tilbud har vi innen kreftomsorg og lindrende behandling i regionen.» ved anestesilege/lege i Palliativt team Julia Bratke.

Gjennomgang og presentasjon av nettside og presentasjon av relevante verktøy som ESAS og Individuell plan ved Laila Johannesen, kreftsykepleier, Palliativt team, medarbeider i KLB.

Det var gjennomgang av ressursperson si rolle og funksjon og to ressurspersonar frå sjukehus og kommune delte av sine erfaringer.

Det vart gitt undervisning i korleis komma i gang som ressursperson i sin kommune / avdeling og korleis ein som leiar kan leggja til rette. Gruppearbeid hadde fokus på å utarbeida ein plan for korleis komma i gang på arbeidsplassen og korleis presentera dette for leiar, samt refleksjon over eiga rolle.

Fellessamling

Fellessamlinga vart arrangert 3. mars i Tabernaklet med tema «Tung pust og mestring»

Mål for dagen var å få auka kunnskap og forståing av tung pust som symptom hjå palliative pasientar, ferdigheiter til å kunna kartlegga, observera og setja i gang tiltak i forhold til tung pust og auka forståing for tverrfagleg tilnærming og vera betre rusta til å møte utfordringar knytte til tung pust

- mulighet for å utveksla erfaringar og knytta kontaktar med andre ressurspersonar i nettverket
- oppdatert kunnskap om samhandling og gode verktøy for samhandling

Det var undervisning ved seksjonsoverlege Sverre Fluge, Haugesund sjukehus om dyspne som symptom hjå palliative pasientar, årsaker og behandling. Kreftsjukepleiar Berit Røksund, Stord Sjukehus, hadde undervisning om Sjukepleie til pasientar med tung pust.

Oksygen som behandling og Seksjon for behandlingshjelpemiddel si rolle i heimebehandling. Sissel Yrkje, intensiv- og oksygensjukepleiar, Kjersti Tollaksen, seksjonsleiar, Seksjon for behandlingshjelpemiddel, Haugesund sjukehus

Pårørande sine erfaringar når deira næraste ønskjer å døy heime. Presentasjon av masteroppgåve. Grete Skeie Sørhus, kreftsjukepleiar, Vindafjord kommune / KLB

Fysioterapi til pasientar med tung pust ved Marianne Fjeldheim, spesialfysioterapeut, Erfaringar med oppstart ny sjukeheim med lindrande eining Kjellaug Jacobsen, leiar ved Akutt og Lindrande enhet, Norheim sjukeheim, Karmøy.

Erfaringar frå KOLS-prosjekt innan FOUSAM ved Trude Vestbø og Elin Vårvik, sjukepleiarar, Haugesund sjukehus

Alle deltakarane vart delt inn i refleksjonsgrupper, med eiga gruppe for leiarane. Deretter vart det presentert aktuelle prosjekt frå Helse Fonna-regionen. Til slutt vart resultat frå årleg rapportering presentert ved Dagny F. Haugen.

Evalueringsskjema gav veldig gode og konstruktive tilbakemeldingar på dagen og fleire gode forslag til neste års fellessamling vart gitt.

Velkomstbrev og nyheitsbrev

Alle nye ressurspersonar har fått tilsendt velkomstbrev med nyttig informasjon. Nyheitsbrev frå nettverket vert sendt ut til alle ressurspersonar og leiarar 2 gonger i året.

Nettsider

Nettsida er i løpet av 2015 blitt fornya og er framleis under revidering. Sida blir meir brukarvennleg. På nettsida ligg oppdatert informasjon om dato for alle nettverksmøte og andre arrangement i nettverket i tillegg til nyheitsbrev. Nettsida har namneliste med oversikt over alle ressurspersonar.

Utviklingsarbeid

Det vert fortsatt arbeidd med å utvikla og drifta nettverka av sjukepleiarar og av fysio- og ergoterapeutar i Helse Fonna. Fysioterapeut Astrid Eritsland ved Palliativt team, Haugesund Sjukehus har leia arbeidet med fysio- og ergoterapinettverket. Fysioterapeutar som jobbar med palliasjon i kommunane og på sjukehus, har vore invitert til nettverksmøta i løpet av 2015. Nye ressurspersonar frå fysio- og ergoterapinettverket og deira leiarar var inviterte til introduksjonskurset.

Fysio- og ergoterapinettverket

Det er oppretta driftsgruppe for fysio- og ergoterapinettverket og utarbeida eit skriv om ressurspersonen si rolle, kompetanse og funksjon, samt arbeidsplan for ressursperson. Dette er nyttige dokument for rolleavklaring, i samarbeidet mellom leiar og ressursperson og for å syne at partane er forplikta på mandatet for nettverket.

Fysio- og ergoterapeutar frå kommunane deltok på introduksjonskurset.

Driftsgruppa består nå av:

Marianne H. Espeland, fysioterapeut, Stord sjukehus

Eldbjørg Nesse, fysioterapeut, Bømlo kommune

Gunnhild Nereng, fysioterapeut, Haugesund kommune

Agneta Gaard, ergoterapeut, Haugesund sjukehus

Sigrud Bakkevold, fysioterapeut Haugesund sjukehus

Astrid Eritsland, fysioterapeut, Palliativt team, leiar av gruppa

Leiaren i driftsgruppa har hospitert ved Sunniva senter for lindrende behandling ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus i Bergen og hos Palliativt team, Haukeland universitetssjukehus, Bergen.

Konklusjon

Nettverket har hatt eit aktivt år med gode samlingar. Oppmøtet har vore varierende og kan i ein del av nettverka bli betre.

Mange av ressurspersonane har vore lenge i nettverket og har mykje kompetanse. Samtidig er det nyttig at nye kjem til og sikrar rekruttering.

I 2015 vart nettverket organisert under FOUSAM og Samhandlingsutvalet i Helse Fonna og avtalen «Mandat og organisering» er det nye mandat (ny avtale) for nettverket. Delinga av det ytre nettverket har fungert positivt. Høgskolen Stord-Haugesund og Kreftomsorg Rogaland er tatt inn som partar i nettverket, og det er utvida til å omfatte fysioterapeutar og ergoterapeutar.

Rapporteringa for 2014 viste at det er forbettringspotensial i bruken av Individuell plan og at mange ressurssjukepleiarar framleis ikkje har eit årleg planleggingsmøte med leiaren sin, samt hospitering burde vore nytta meir. Desse punkta var satsingsområde i 2015 og vert vidareført som satsingsområde i 2016.

Desember 2015

Grete Skeie Sørhus, leiar for driftsgruppa, sjukepleienettverket

Astrid Eritsland, leiar for driftsgruppa, fysio- og ergoterapinettverket